

Til: KD, KUF, UHR, Forskerforbundet, Unio, Akademikerne, LO, NHO, utvalgte medier.

Kopi:

Fra: Studentenes Landsforbund sitt Landsmøte

Kunnskap er ikkje gratis

Evalueringa av Kvalitetsreforma fortel oss at studentar gjer oppgåver mekanisk i staden for å vurdere innhaldet av dei og å stille kritiske spørsmål. Studentar bruker mykje tid på å skaffe pengar til å klare seg i staden for å bruke tida på studiane.

Det er ikkje ynskjeleg at vi studentar skal vere tvungne til å velje mellom jobb og studiar, og det trur vi heller ikkje regjeringa vil. Regjeringa må ta grep, og det første då er å auke den lunkne studiestøtta vi har i dag. Fjorårets levekårsundersøking fortalte oss at 46 prosent av norske studentar som jobbar samstundes som dei studerer seier dei må gjere dette fordi studiestøtta ikkje strekk til. For studentane betyr dette mindre tid til studiar, og til å lære prosessar som ikkje einskildvis berre handlar om å hugse, men også om å forstå.

Studentane må få høve til å utvikle ein evne til kritisk tankegang. Dette er føresetnaden for det høgare utdanning handlar om: utvikling av fag og forskning med aktiv medverknad frå studentane. Då må ein leggje til rette for at studentane utviklar denne kritiske tankegangen. Dette er òg studentane sitt ansvar, men like viktig er det å leggje opp undervisning og oppgåver på ein slik måte at ein får utteljing for denne kritisk vurderande tankegangen i staden for utteljing for pugging og mekanisk hugse.

Studentane krev at studiestøtta legg til rette for at vi kan konsentrere oss om studia. Ein start er å hente inn etterslepet på 4000 kroner som oppsto på grunn av at studiestøtta ikkje vart indeksregulert, men sto bom stille mellom 2001 og 2005. Sjølv om den noverande regjeringa har auka studiestøtta dei to siste åra, er vi framleis fem år på etterskot.

Vi krev òg at undervisninga utfordrar og tar oss på alvor. Viss regjeringa, Stortinget og institusjonane vil ha studentar som kan tenke sjølve er dette vegen å gå. Saman legg vi rammene for den utdanninga som vi ynskjer skal vere den beste.

Mvh.

Studentenes Landsforbund

Katrine Elida Aaland, leder